

## Den nynorske delen av folkefronten

*Håvard Tangen og Geir Martin Pilskog*

Allmennpolitisk førde mellomkrigstida med seg store endringar. Den økonomiske krisa slo inn over landet, skapte sterke spenningar i det norske samfunnet og gjorde klassekampen kvassare. Skiljet mellom sosialistar og borgarlege såg tidleg på 1920-talet uoverstigeleg ut. Likevel skulle det veksa fram klassesamarbeid på tvers av gamle skiljeliner. Kriseforliket mellom Bondepartiet og Arbeidarpartiet i 1935 og Hovudavtala mellom Norsk Arbeidsgiverforening (NAF) og Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon (AFL, seinare LO) var dei mest synlege vitnemåla om det. Arbeidarrørsla og målrørsla hadde framleis eit visst tilhøve til kvarandre, ikkje alltid like knirkefritt. Medan somme målfolk freista vinna arbeidarrørsla for målsaka på 1920-talet, vart det dei leiande sosialdemokratane som smått om senn byrja vinna styring over målrørsla utetter i 1930-åra. Desse kom til å vinna fram i Studentmållaget ei stund før resten av rørsla.

Studentpolitikken og lagslivet i Studentmållaget var sjølv sagt ikkje upåverka av hendingane i samfunnet elles. Tvert om kom Studentmållaget rett ofte til å opna dørene sine for ordskifte om allmenne samfunnssaker, både i Noreg og ute i den store verda. Eit utslag av ambisjonane til Studentmållaget i denne tida var framlegget om å døypa laget om til Norsk studentlag. Arbeidet i laget kunne ha høge målsetnader, som når det kom til stykket viste seg å vera for dryge for det litle laget. Framstøyten for eit eige nynorsk universitet mot slutten av 1930-åra førde ikkje fram, men planen vart teken opp att etter krigen. Heller ikkje då lukkast det å få reist ein slik lærestad, men då Studentmållaget seinare la seg i selen med å få distriktshøgskular i nynorskbrukande strok, vann laget omsider fram. Innsats for å få eigne nynorske lærestader går såleis som ein raud tråd gjennom saga til Studentmållaget.

Rettskrivingsstriden loga opp i 1930-åra med ein intensitet utan sidestykke tidlegare i målrørsla. Studentmållaget stelte seg positiv til det samnorske reformarbeidet som Kyrkje- og undervisningsdepartementet tok initiativet til og stod

på det viset i skarp motsetnad til hovudstraumen i målrørsla elles. Studentmållaget freista påverka Noregs Mållag i meir samnorskvenleg lei – utan å vinna gjennomslag.

To bladprosjekt vart sjøsette av Studentmållaget i 1930-åra, *Mål og Makt* og *Bondestudenten*. Det fyrste varde to år, det andre berre to nummer. Blada bar likevel bod om potensialet i laget og viljen til å tenkja stort og ambisiøst. Både dei mange opne møta i laget og freistnadene med å skipa blad markerte laget utetter i studentverda.

Studentmållaget var med i alliansen av sentrums- og venstreorienterte lag som hindra konservative og nazistiske krefter i å ta over makta i Studentersamfundet hausten 1936. Difor var det ikkje overraskande at Studentmållaget fekk den einaste upolitiske representanten i det samlingsstyret i Studentersamfundet som vart sett saman sommaren 1940 etter at Noreg hadde vorte okkupert av Nazi-Tyskland tidlegare på året.

Til tider gjekk det ei relativt radikal bølge gjennom Studentmållaget i 1930-åra, og somme av formennene i laget var tilslutta det revolusjonære studentlaget Mot Dag. Likevel var takhøgda stor, og i omstridde saker vart det sjeldan gjort vedtak som kunne kløyva. Mange emne var oppe til ordsifte og drøfting utan at laget i seg sjølv tok stode til spørsmålet.

## By og land – hand i hand

Noreg i mellomkrigstida var prega av sterke sosiale konflikhtar, med streikar, lockoutar, tvangsauksjonar og jamvel bruk av væpna hærstyrkar mot arbeidarar. Desse motsetnadene kom òg til uttrykk i kulturlivet, der arbeidarane skipa sine eigne organisasjonar, særleg innan idretten.

Det nasjonale målspelet stod fjernt for mange i arbeidarrørsla, samstundes som det var utbreidd skepsis i målmiljø mot «den fedrelandslause sosialismen». Mange i målrørsla sympatiserte frå gammalt av med Venstre og Arbeidardemokratane, frå 1920 var det òg somme som slutta seg til Bondepartiet. Venstrestaten var likevel på retur, og frå stortingsvalet 1927 etablerte Det Norske Arbeidarpartiet (DNA) seg som det største partiet i Noreg. I 1935 laut Venstrestatsminister Johan Ludwig Mowinckel gje frå seg regjeringsmakta til Johan Nygaardsvold frå DNA, og dermed var landet inne i ein ny epoke. I omkring 30 år kom DNA til å vera det statsberande partiet. Arbeidarpartistaten avløyste såleis Venstrestaten.

Ein lykelperson for å skjønna det store omskiftet i Arbeidarpartiet i 1930-åra frå eit marxistisk revolusjonært parti til eit parlamentarisk reformparti i regjeringsposisjon er målmannen og historikaren Halvdan Koht. Han hadde lagt ned ein stor innsats i målrørsla, og gjennom ein vidsveimd forfattarskap hadde Koht laga ein spegelvend versjon av Marx' syn på den sprangvise, dialektiske

# Mål og Makt

Nr. 1

Laurdag 1. september 1934

1. årg.



sogeutviklinga. I staden for å fokusera på sprang og oppbrot streka Koht under den samanhengande og ubrotne voksteren, der samvokster og «ei sterk demokratisk framstemme»<sup>1</sup> meir enn kamp og motsetnader var det sentrale. Bondereisinga hadde i si tid gjeve viktige tilskot til den nasjonale voksteren, og den tidlege målrørsla var det kulturelle uttrykket for den politiske framgangen åt bøndene, som Koht såg det. No var turen komen til arbeidarane til å setja sin stempel på alle samfunnsomkverve, målsprøsmålet medrekna. Bøndene og arbeidarane hadde sams interessar mot overklassa, meinte Koht; no galdt det å byggja ein sams folkekultur i staden for klassebundne kulturformer. Denne harmonimodelen på samfunnet kom etter kvart til å trengja bort dei tidlegare meir konfliktorienterte synsmåtane til DNA allmennpolitisk, men for oss her er det mest interessant å sjå på dei følgjende som dette omskiftet fekk for målsaka. Omsynet til frammarsjen åt arbeidarklassa kravde ein revisjon av nynorskrettskrivinga; folkemålet vart kompasset dei samnorske reformatorane navigerte etter. I Kohts augo skulle folkemålet vera med og sprengja bort alt som ikkje var liv laga i nynorsk og bokmål og til sist brøyta vegen for eitt samnorsk mål i Noreg. Koht var føredragshaldar på fleire møte i Studentmållaget<sup>2</sup>, som ein av dei leiande nynorske akademikarane i samtida hadde han ei høg stjerne i laget, og i 1935 vart han dekorert med «målkav-ordenen» til laget, ein lekk i ein studentikos seremoni som vart skipa til i samband med 35-års jubileet. Tiåret tok nett til med planar om ei utviding av arbeidsmarka til laget – i samhøve med tankane Koht hadde om målsak og samfunnsliv.

## Norsk Studentlag?

Kring 1930 var det misnøye i Studentmållaget med innretninga på arbeidet. Mange meinte det dreidde seg for mykje om rein målsak, og dei ynskte seg ein vidare emnekrins for aktiviteten. Praktisk målarbeid og føredrag om målstoda hadde teke overhand, og det førde til at nye studentar frå bygdene søkte bort

MALSTRIDEN har kvesst seg til. Bokmålsbuene over høje landet har fått ein kvekk. Nynorsken er over dei, vugaramen, pøbelpraket! Og desse bokmålsbuene med bokmålskapitalen er mobiliserte. Protokollene vart haldne i aukt og vest. Der kjem dei saman og lustar sin harme skipareidarar, direktorar, kakaar, embetsmenn og glinsande foretningemenn med embossjofel.

Dei har det ikkje lystetke i bokmålslaget no om dagane. Mål i Kringkastings mål i administrasjonen, særskild målprova til eksamen artium, og so utpå ei ny rettferdiging på toppene. Spørålet er i fare. Al v. s. monopoliesta til overklassen er i fare. Og aqtert vort det av all livsens makt. Krorar og kumter kjem i bruk. Nissar og tuftegubbar har samla seg alle. Rein panikk. For sjovaste Vestlandsfanden er laud!

MALSTRIDEN IDAG gjekk ikkje retten til å nytta nynorsk i dagleg tale. Det har det aldri vore strid um. Striden står heller ikkje um retten til å nytta nynorsk i litteraturen, i folkelivsskildring eller lyriske diktning. Det er trass i alle nyorskens ikkje no levig. Det er bokmålsfolket som har kaptaen til propaganda og store boktiltak. De tarv aldri ottast! Målføllet moter slett ikkje motbud her, tværtum. Bokmålsfolket veigar viligast at nynorsken hever framfra på desse svagane umkverve. Her berre Håns Kro & Co! Ja dei kann beint fram vera storiende, desse sanne bokmålsfolka. Lat no kvar mann få ha sitt mål for seg, tale og skriva det som fell han naturleg, seigjer stortingemenn Bakke. — Man merkt die Abahcht. — Målet er som religionen ei privat sak, seigjer Gunnar Heiberg.

MEN DET er nett det det ikkje er. «Målet er ein sosial institusjon, sameie som retten». Vi slieter Hans Vogt. «Motstanden vort fyrst reist for alvor når målføllet lever rett og som for nynorsken i stytingsverket, i skulen og på universitetet. «Det har gått politikk i målsaka, målfolka vort ikkje leger drivne av slike rein idealisme som sermøtkejer banebetjantarane. Dei let seg no hida av rein og darr makta, berre det sa ofte. Her er riksmålsfolka nettupp ved kjernen i saka, kjernen i all malstrid. Malstrid er alltid strid um makt. Striden er retta mot den monopoliesta riksmålet har eit monopoli som strengt vosen for store lag av folket som vil fram.» DET ER UM MALET i det offentlege livs striden står. I denne striden er det klart for den som tenker etter at målføllet må gå vegen um statuskriteriene med sine maktrar. For den som ikkje har kapitalen, lyt vinna samfunnsmakt på annor vis. Vil ein makt lyt ein og vilje makt.

Bokmålsfolket heider ofte målføllet for det. Ein talentfull møtastandar som Nils Kjer tale avlyrdelig um smaltarveta statusunderstøttede seiergang.» Venst er det «at gaa lovelien og indfeste et maal som ikke har kraft til at søge for sin egen adbedelse.» Bokmålet har slik ei ihuande kraft, må vita. Korleis har det seg med denne bokmålskrafta? Lovvegen kom darsien inn fra lytt av. Og statemakta med stønad fra fondkapitalen, har nytt for prestisen og den ihuande krafta i bokmålet seinare. MALFOLKET har nok ikkje kapitalen på si side. Men vi har sjovbevingstongen, melagsviljen, offeringen, og det er dei ihuande kraftene i målføllet. I ein strid um samfunnsmakt er det desse kraftene som i lengda er sterkaast.

● AV INNHALDET LES: Kvifor norsk reising? • Bondestudentane og studentstipenda. ●

*Den fyrste utgåva av Mål og Makt kom i 1934. Seinare vart bladet skipa opp att på 70-talet og lever i beste velgåande i dag.*

frå laget. Dei ville ha eit møtetilbod som gjekk lenger enn til berre målreising. Difor gjorde styret i laget hausten 1930 opptak til å drøfta ei omskiping av laget – somme ville jamvel brigda namnet til «Norsk Studentlag». Ein plan som vart kasta fram, gjekk ut på å skipa ein nynorsk medtevlar til Det Norske Studentersamfund (DNS). Så langt kom laget likevel ikkje til å gå, endå emna for dei opne møta fekk eit breiare register i åra som kom. Namnebrigdet vart mellom anna stogga etter protestar frå DNS som ottast at namneframlegget kunne koma i vegen dersom DNS skulle norska opp namnet sitt ein gong i framtida. Omskiftet på møteprogrammet gav seg utslag i større frammøte på tilskipingane og høgre medlemstal. Sumtid greidde laget dra så mykje folk på møta sine at møtelyden var større i Studentmållet enn i alle dei andre studentlaga. På medlemssida vart det sett ny rekord; i 1931 løyste 141 studentar lagskort. Seinare steig det år for år. Laget var tydeleg inne i ein positiv trend.<sup>3</sup>

### Frå psykoanalyse til «Europa i dag»

Dei allmennpolitiske emna på dei opne møta kom til å setja preg på storparten av tiåret i Studentmållet. Mange av møta vart haldne i Heim for Landsungdom i Nordahl Bruns gate 22, festmøta som oftast i Uranienborgvegen 11 (ofte kalla berre U11) bakom slottet, og møta drog både målfolk og andre nyfikne studentar. Studentmållet fungerte som eit samlingspunkt for anna målfolk i hovud-



*Immatrikluring på universitetsplassen hausten 1940. Didrik Arup Seip, tidlegare formann i laget og professor i riksmål (!) på talarstolen. Foto: Det Norske Studentersamfund*

staden òg, gjerne med ei eller anna tilknytning til Universitetet. Såleis ser me at målveteranar som medisinarer og diktarar Idar Handagard og bibelomsetjaren og arabisten Alexander Seippel vanka på møta og heldt innlegg for sitt syn. Eit ankemål frå somme av dei eldre medlemene var at føredragshaldarane i laget ikkje lenger tala nynorsk, men desse innvendingane fekk ikkje styret til å lata vera å invitera inn bokmålstalende samfunnsdebattantar med meininger om aktuelle spørsmål.

Våren 1930 innleidde målmannen Ola Raknes om psykoanalyse, eit emne som skapte store bølger i samtida, ikkje minst på grunn av den nye skjønnlitteraturen. Emnet var typisk for prioriteringane til styret: Dagsaktuelle saker vart gripne og dregne inn i møtesamanheng. Rasehygiene var ei sak som ikkje berre avgrensa seg til dei fascistiske diktatura i Mellom-Europa på denne tida, men jamvel i det borgarleg-demokratiske Noreg hadde tvangssterilisering av visse folkegrupper brei oppslutnad. Johan Scharffenberg, som stødde dette, innleidde i Studentmållaget våren 1934 om «raseteorien i arvelærens lys». Eit anna emne som det vart mykje hissig ordskifte kring, var «den nye moralen». Kjønnsmoralen eigna seg verkeleg til å setja sinna i kok, og det studentmållagsmøtet som truleg samla flest framømte i 1930-åra, var ein holmgang mellom dr. Karl Evang, styrar for tidsskriftet «Seksuell opplysning» og seinare helsedirektør i mange år i etterkrigstida, og Bjørgvin-bispen Andreas Fleischer hausten 1932. Storsalen i Nordahl Bruns gate 22 var så sprengfull av folk at styret med formannen Håkon Leira i brodden ikkje greidde å få selt billetter til alle.<sup>4</sup> Eit tilgrensande emne kom opp våren 1935, då lækjaren Nic. Hoel (sidan Waal) og stortingsmann Dybwad Brochmann hadde meiningsbryting kring «Abortus provocatus».

Den fascistiske framvoksteren kasta mørke skuggar over Europa i 1930-åra, og dei økonomiske nedgangstidene kring 1930 og maktovertakinga til nazistane i Tyskland vart drøfte i Studentmållaget. Eksterne innleiarar vart bedne inn, og den politiske spennvidda var stor. Ranik Halle frå Fedrelandslaget, Ragnar Vold frå venstrevisa *Dagbladet* og Arne Ording frå Mot Dag slapp til på talarstolen i Studentmållaget.<sup>5</sup> Meir kristelege kommentatorar som Ronald Fangen og Bernt Støylen heldt òg føredrag i Studentmållaget. Alt hausten 1934 kom den nye verdsomspennande konflikten som var i ferd med å byggja seg opp, til uttrykk på møteprogrammet til laget: Kristian Gleditsch innleidde då om «Hvad en ny verdenskrig vil si?». Kort tid etter det tyske åttaket på Polen september 1939 heldt Finn Moe frå *Arbeiderbladet* føredrag om «Europa i dag». Sympatien til fleirtallet i laget gjekk sjeldan i høgrelei. I 1936 sende laget ut ei oppmoding om å gje Nobels fredspris til den tyske dissidenten og opposisjonelle Carl von Ossietzky, i lag med ei rad andre friviljuge organisasjonar.<sup>6</sup> Utanrikspolitiske orienteringar vart faste punkt på programmet i kvart semester, og endå ordskiftet ikkje alltid vart særleg livleg etterpå, ser det ut til at styret tykte det var mon i å halda på denne skikken mesteparten av tiåret. I møteboka til laget finn me merknader om

at det helst var dei eldste i laget som gav seg med i drøftingane, medan dei nye medlemene tagde stilt.

Dei kulturelle emna følgde sjølvsagt med på møteprogrammet, ofte ispedd som pauseinnslag på ordskiftemøte. Store og ruvande personlegdomar i mål-rørsla kunne vera emne for møta, eller andre spørsmål som stod i meir beinveges tilknytning til målarbeidet. Til dømes finn me emne som «Vinje som journalist», «Fransk kulturstrid» og «Norsk og dansk for 100 år sidan». Den allmennpolitiske satsinga førde ikkje til at viktige strategjordskifte heilt kvarv frå dagsordenen til laget. Møtet våren 1932 om retningslinene for målarbeidet er alt nemnt, der Olaus Islandsmoen og Anton Beinset drøfte «tvangslina» og «overtydninglina» i målarbeidet. Tapet i striden om Nidaros-namnet var eit av bakteppa for dette ordskiftet, og Beinset meinte at det var uråd å vilja gå lovvegen med tvangsmid-del lenger, slik Islandsmoen ville.<sup>7</sup>

Nokre gonger heldt Studentmål laget på å ta seg vatn over hovudet når det galdt tilskipingar. I mars 1932 emna laget på ein utandørs fest på Frogner stasjon, men freistnaden vart rett og slett ein dundrande fiasko, står det å lesa i møteboka. Sameleis kom det ein førespurnad frå Hans Jacob Nielsen i Det Norske Teatret om hjelp til å oppføra ein gresk tragedie framfor Aula-bygningen på Universitetet. Studentmål laget tinga med universitetsleiinga, men tingingane køyrde seg fast.<sup>8</sup> Derimot utvikla laget etter kvart eit godt samspel med teatret og fylkte seg til «studentberg» på somme av framsyningane der. Det sosiale aspektet vart lagt vekt på, t.d. i form av russefestar tidleg på haustsemesteret, øl- og pøl-sefestar, og utferder til Ås og Eidsvoll. 35-års dagen vart høgtida til gagns, med rikhaldig program og ordenstidelingar attpå. Såleis evna laget skapa eit solid miljø som gjorde laget til ein faktor å rekna med i studentverda.

### **NRK og Studentmål laget**

I 1933 tok staten over drifta av det private Kringkastingsselskapet, som hadde hatt radiosendingar sidan 1920-åra. Med det vart Norsk Rikskringkasting skapt. Etter ein del motstand frå ulikt hald, jamvel internt i Mowinkel-regjeringa, utnemnde kyrkje- og undervisningsminister Knut Liestøl Olav Midttun til den fyrste riksprogramsjef i NRK. Det målpolitiske standpunktet hans hadde vore ein raud klut for mange, og riksmålsrørsla samla inn 10 000 underskrifter mot utnemninga, men Midttun vart sitjande.<sup>9</sup> Dei fyrste tretti åra til NRK var det ein tidlegare studentmål lagsformann (fyrst Midttun, dinest Kaare Fostervoll) som var øvste sjef i institusjonen. Jamstillingsprinsippet skulle følgjast i NRK òg med di det var eit statleg organ. Karl C. Lyche var den fyrste nynorskmedarbeidaren som vart tilsett, og målbruken hans vekte åtgaum i vide krinsar, både på godt og vondt. Ein oppøst riksmålsmann skreiv i avisa at «når jeg hører denne mannen annonsere andakten, ønsker jeg ... at han må bli lam i tungen». Likevel var riksmålsdominansen i NRK overveldande dei fyrste åra, i toppåret 1936 var

berre 9 prosent av ordsendingane på nynorsk.

Sambandet mellom Studentmål- laget og NRK var relativt godt og nært. Olav Midttun var ein omtykt og mykje nytta føredragshaldar i laget, og Karl C. Lyche var òg til stades på somme av møta, m.a. vart han rekna med til Studentmål- laget når han uttala seg på møte i Det Norske Studentersamfund.<sup>10</sup> Student- mål- laget sytte òg for å få NRK til å overføra eit ordski- ftemøte mellom målrørsla og riksmålrørsla hausten 1934 under tittelen «Norsk mål- strid i dag». Kringkastinga var eit nytt medium der ein kunne få spreidd mål- bodskapen inn i mang ein heim der nynorsken til så lenge hadde vore utestengd. Frå Studentmål- laget tala formannen Ragnar Nordby.

Han peika m.a. på at ein ikkje trong reisa lenger enn til Sørkedalen for å finna talemål som skilde seg merkande frå riksmål og som hadde alle dei sermerke som fanst i nynorsken. Elles var det nynorskinnlegg frå Halvdan Koht og Arne Bergsgård. Toralv Øksnevad var programleiar.<sup>11</sup> På denne tida var det mange ankemål frå riksmåls- hald mot den framveksande nynorsken i NRK, og Student- mål- laget vigde eit eige møte til dette emnet. Riksmålssynet vart bore fram av ein representant frå Østlandske Lytterforbund, og skrivaren i Noregs Mållag, Aslak Torjusson forsvara nynorsken.

I 1937 vart Olav Rytter tilsett som programsekretær i NRK. Rytter hadde vore formann i Studentmål- laget i 1927 og hadde halde føredrag i laget seinare. Sjølv om omfanget av nynorsken sjeldan har vore nært ved å oppfylle krava i mållova, ser me såleis at Studentmål- laget og målrørsla kom tidleg med i utforminga av NRK.

### Studieringen

Hausten 1933 tok formannen i Studentmål- laget, Tønnes Sirevåg, til ords for å skipa ein eigen studiering med utspring i laget. Han opplevde at dei jamne medlemene i laget vanta sakkunnskap, dei var «geografiske målfolk» som ikkje hadde tenkt så nøye gjennom måls- spørsmålet. Serskilt streka Sirevåg under at målsaka måtte setjast i samband med resten av samfunns- utviklinga og knyta seg opp til



*Tønnes Sirevåg var formann i Studentmål- laget på 30- talet og fyrste blad- styrar i Mål og Makt Foto: Scanpix*

arbeidarrørsla. Med kohtske undertonar synte Sirevåg til at målreisinga opphavleg hadde vore ei underklassereising; no galdt det mest om å dra Austlandet med i målarbeidet. Det vart samrøystes vedteke å skipa ein studiering på møtet.<sup>12</sup>

Våren 1934 var 45 deltakarar med på studieringen i regi av Studentmållaget, berre to av dei var kvinner. Halvparten av deltakarane var vestlendingar, og storparten hadde bakgrunn frå bygdene.<sup>13</sup> Sosialt var såleis samansetnaden av studieringsdeltakarane rimeleg tradisjonell, endå dei politisk sannsynlegvis sokna noko lenger til venstre enn gjennomsnittet i laget. Ragnar Nordby vart vald til leiar for ringen, og studentane kom saman til drøftingsmøte kvar fjortande dag dei fyrste semestra. Det hadde vore snakka frampå om ei fastare organisering av studieringen etter mønster av Mot Dag, men denne tanken vart snart bortlagd. Somme av innleiarane til studieringen kom frå Mot Dag, m.a. Erling Falk, som innleidde om arbeidarrørsla og målstriden, men òg statsråd Liestøl, riksprogramsjef Midttun og mållagsskrivar Torjusson vart innbedne og heldt føredrag. Både det etablerte og det opprørske var såleis godt representert. Målsetnaden om å nærma målsaka og arbeidarrørsla til kvarandre ser ut til å ha vore prioritert, og frontlina mot den nasjonalromantiske målrørsla, som stod arbeidarorganisasjonane fjernt, vart dregen opp i eit eige føredrag. Studiemøta heldt fram med jamne mellomrom heilt til 1940.<sup>14</sup>

### **Eige tidsskrift for Studentmållaget – *Mål og Makt***

Same året som studieringen pløgde ny mark for Studentmållaget, vart endå eit nytt tiltak frå laget sett i sving, mykje med utgangspunkt i det same miljøet som var pådrivar for studiarbeidet. Fyrste nummeret av tidsskriftet *Mål og Makt* kom i september 1934 med Tønnes Sirevåg til redaktør og Einar Karstad til redaksjonssekretær.<sup>15</sup> Meininga var å skapa eit organ til å drøfta målteoretiske spørsmål og vera talsmann for målstudentane ved universitetet. Den fyrste utgåva av *Mål og Makt* gjekk med kr 120 i overskot, men etter seks nummer bar ikkje økonomien seg lenger. Hausten 1935 vedtok Studentmållaget å leggja ned tidsskriftet.<sup>16</sup>

Innhaldet i *Mål og Makt* kom på mange vis til å få eit radikalt tilsnitt. I spaltene var det både utgreiningar om den spanske borgarkrigen, om sovjetisk litteratur og om målpolitikken i Sovjet-samveldet. I dette tidsromet kom nok motdagistane til å setja eit særleg sterkt preg på Studentmållaget, og Øyvind Hardeng interpellerte til styret i Studentvenstrelaget om kva styret der akta å gjera andsynes «marxistenes utnyttelse av målreisingen i partipolitisk øyemed». Det var særleg *Mål og Makt* Hardeng sikta til. I Studentvenstrelaget var det full semje om at målreisinga best kunne fremjast på nasjonal og kulturell grunn og på tvers av partilinene. Leiaren i Studentvenstrelaget gjorde i ein polemikk mot Tønnes Sirevåg merksam på at Venstre enno var det einaste partiet som hadde nynorskpost på programmet sitt. Målsaka var elles oppe på fleire møte i

Studentvenstrelaget, og meiningane var mange – endå storparten var «sympatisk innstilt til tanken om et samnorsk mål», skreiv Gunnar Helge Carlsen.<sup>17</sup>

Målstriden dreidde seg fyrst og fremst om å fremja nynorsken i det offentlege livet, vart det hevda i det fyrste nummeret av *Mål og Makt*. Mål dyrking og nynorsk litteratur var mindre viktig i samanlikning. Målrørsla måtte tilmåta seg arbeidarrørsla og samfunnsutviklinga både med omsyn til målet sjølv og argumenta. Den nynorske ideologien måtte samsvara med dei sosiale og økonomiske interessene til underklassa i samtida, slik som målsaka i si tid hadde kome opp saman med den materielle striden åt bøndene.<sup>18</sup> Ragnar Nordby skreiv i ein artikkel, som bygde på føredraget han hadde halde på det NRK-overførde sammøtet med riksmålsrørsla, at motsetnaden i målspørsmålet stod mellom folkemålet, som skulle verta skriftmål og kultur mål, og riksmålet, som var uskikka som skriftmål for vanlege folk. Løysinga på målstriden var m.a. å kvitta seg med tungt og gammaldags formverk som gjorde nynorsken til eit bondemål. «Grunntanken i målreisinga (har) framtida for seg, jamvel um skriftforma er tidsbunden og stendig skifter,» poengterte Nordby.<sup>19</sup> I dette stykket var meininga hans eit ekko av synsmåtane til Halvdan Koht i føredraget hans om målspørsmålet i DNA i 1930, som klagar på at «bondemåle, landsmåle» kunne skrivast like «ufolkeleg, bokleg bunde» som bokmålet, med «eit strengt, gamaldags formverk».<sup>20</sup> *Mål og Makt* og Studentmål laget reflekterte såleis den samnorskoffensiven som vart lansert i 1930-åra.

## Laget stør samnorsk reforma

I 1934 vart det skipa ei statleg rettskrivingsnemnd for å rydda opp i formverket i bokmål og nynorsk og finna sams former så langt som råd var. Nemnda var startpunktet på ein forsert samnorskpolitikk frå styremaktene si side. Av dei tre nynorskmedlemene av nemnda hadde to ei viss tilknytning til Studentmål laget. Den eine var Koht, den andre Arne Bergsgård (formann hausten 1909). I studieringen hadde den nynorske rettskrivinga vore oppe på møte både vårsemesteret og haustsemesteret 1934, og *Mål og Makt* stødde opp under samnorskklina. Artikkelen «Rettskriving» uttrykte skepsis mot dei etymologiske skrivemåtane i nynorsken som etter forfattaren si meining gjorde målet framandt.<sup>21</sup> I rettskrivingssaka stod «den demokratiske målflokken» imot «ein aristokratisk veng med storbønder, professorar, prestar, poetar og skulefolk».<sup>22</sup> Det var no ei viktig samfunnsoppgåve å leggja skriftmålet så nær talemålet som råd. Såleis vart målet sett på som ein reiskap som burde gjerast meir tenleg og tidhøveleg.

Meiningsbrytingane kring rettskrivingsreforma kom opp med jamne mellomrom i Studentmål laget. To tidlegare formenn, Kaare Fostervoll og Gustav Indrebø, innleidde på kvart sitt møte om emnet. Fostervoll var tilhengjar av samnorsk, medan Indrebø gjekk i brodden for motstanden mot samnorskklina

i målrørsla. Tittelen på møtet der Fostervoll tala, var «Frontending i målstriden», og innleiaren slo fast at etter at Vestlandske Mållag no hadde protestert mot rettskrivingsnemnda, var det opna ein ny målfront. Det fanst enno to yttergrupper som ville nedkjempa det andre målet, men i midten var det ei stor gruppe som ville ha tilnærming og samarbeid mellom målformene.<sup>23</sup> Indrebø såg spørsmålet om norsk mål frå ein annan synsstad. I føredraget «Idégrunnlaget for målreisinga» viste Indrebø til at sosiale, pedagogiske og religiøse argument for nynorsk var utleidde av den eine kjensgjerninga at nynorsken var norsk. Det galdt å hegna om og reisa «ein sermerkt, sjølvstendig individualitet i målvegen». Indrebø vedkjende ope at han rekna målsaka for romantikk, for vinninga som målreisinga kunne gje, var av «åndelegt, ideelt slag». At ein nasjon vende seg til sine eigne kjelder, sitt eige folkeliv og søkte vokster av det, var ikkje bakstrev og avstenging. Indrebø hermde den svenske sogeskrivaren Erik Geijer, som hadde sagt at: «Det största framsteget, er återsteget till sig själf.»<sup>24</sup> Studentmållaget og Indrebø kom til å stå på kvar si side i striden om den nye rettskrivinga internt i målrørsla.

### **Den nye rettskrivinga og reaksjonane**

I 1936 leverte rettskrivingsnemnda frå seg «Tilråding om ny rettskriving». Nemnda heldt føre at skriftmåla gradvis hadde utvikla seg i pakt med det levande talemålet i bygd og by, og at det no var naudsynt med ei endring av skrivereglane. Bokmålet laut brigdast meir enn nynorsken, men det nynorske skriftmålet hadde til då retta seg etter «filologiske omsyn som meir og meir kom til å kjennes som tyngsler på naturlege målkrav».<sup>25</sup> Tradisjonen vog tungt i bokmålet, så det var ikkje lett å endra formene i alle stilslag med ein gong der. Kolsrud-nemnda, som Noregs Mållag peika ut, kritiserte rettskrivingstilrådinga og meinte nynorsken ikkje trong særlege endringar.<sup>26</sup> Studentmållaget, derimot, såg med stor velvilje på tilrådinga. Halvdan Koht frå den statlege rettskrivingsnemnda innleidde sjølv på eit medlemsmøte i laget, og møtet vedtok ei fråsegn der laget sa seg «samd i dei resultata nemnda har kome til for nynorsken». Når det galdt bokmålet, meinte Studentmållaget at nemnda kunna ha gått lenger. «Atterhaldet um høgare stil må burt,» uttala laget og ville ha meir rom for norske former i bokmålet.<sup>27</sup> Same medlemsmøtet valde ei nemnd til å granska rettskrivingsframlegget meir detaljert, og i denne nemnda kom m.a. seinare leiar i Norsk språknemnd, Alf Hellevik, og seinare kyrkje- og undervisningsminister Helge Sivertsen til å sitja. Fråsegna frå nemnda gjekk i same lei som den fyrste fråsegna frå laget. Nynorsken skulle no verta lettare å bruka og læra, og det var greitt å byta ut nokre endingar (a- og i-former) for å koma bokmålet til møtes. Likevel konsentrerte denne fråsegna seg òg om å krevja større brigde i bokmålet.<sup>28</sup>

Då medlem i den statlege rettskrivingsnemnda Arne Bergsgård heldt det vidgjetne føredraget sitt «Målstriden i dag» hausten 1937, seinare prenta som hefte

i Studentmållet, kom han heim til sine egne. Folk stod som sild i tynne i møtesalen. Ein av talarane greip tidsånda då han hevda at «den nye rettskrivinga skaper ein folkefront i målreisinga: Arbeidarpartiet, Bondepartiet og Venstre». Utsegna vart motteken med jubel og fagning.<sup>29</sup>

## Studentmållet inn Mållet

Studentmållet var dei fyrste tiåra ikkje aktivt i Noregs Mållet, og det var noko opp og ned med den formelle tilknytninga. Men i 1937 vedtok Studentmållet å melda seg inn att i Noregs Mållet.<sup>30</sup> Ordsiftet om rettskrivingsframlegget gjekk for fullt i hovudsamskipnaden for målreisinga i landet, og Studentmållet ville ha tale- og røysterett på landsmøta i Mållet for å kunna vinna fram med sitt syn. Same våren som denne innmeldinga vart vedteken, vart det skipa eit nytt lag innanfor Noregs Mållet i Oslo, Oslo Arbeidarmållet. Den tidlegare studentmålletsformannen Olav Rytter vart den fyrste leiaren i dette laget, og det nære hopehavet mellom Studentmållet og Oslo Arbeidarmållet kan best illustrerast ved at Einar Karstad, formann i Studentmållet våren 1937, møtte som utsending for arbeidarmållet på målletslandsmøtet same året.<sup>31</sup> Namna på dei som er nemnde som tillitsvalde i dette arbeidarmållet, tyder på at det heller har vore ei overvekt av akademikarar enn arbeidarar i laget.

I 1938 gav Oslo Arbeidarmållet ut heftet *Arbeidarreising og målreising* av Harald Kolltveit og Rytter, der den sosiale underklassereisinga i målrørsla vart sterkt framheva. Ivar Aasen vart framstilt som «fatig bondegut frå Sunnmøre» og Fjørtoft, Garborg og Steinsvik vart kalla «fatige studentar». På bygdene måtte arbeidarane slutta opp om nynorsken og folkemålet. I byen stelte det seg noko annleis: «Og ingen vil vel heller tenkje på å føre inn nynorsk i Oslo eller nokon annan by.» Forfattarane gjekk elles heilhuga inn for samnorsktanken: «Målstriden løyst i denne ættleden! Fram til eitt norsk mål!»<sup>32</sup> Heftet munna òg ut i ei nokså tydeleg tillitsfråsegn til målpolitikken åt DNA og AUF. Såleis formulerte dette heftet ut klårt og utvitydig hovudtendensen i synet på mål- og rettskrivingsspørsmålet i dei leiande krinsane i Studentmållet i slutten av 1930-åra. Sosialdemokratiet i regjeringsposisjon skulle løysa målspørsmålet på teknokratisk vis.

## Studentmållet i strid på landsmøta i Noregs Mållet

I Noregs Mållet hadde det lenge bryggja opp til strid om synet på det nye rettskrivingsframlegget. På landsmøtet i 1937 la styret ved varaformann Indrebø fram eit vedtaksframlegg som gjekk imot den nye rettskrivinga. Målletstyret meinte normendingar ikkje var naudsynte for å vinna framgang for nynorsken.